

**Møteinnkalling**


<b>Utval:</b>	<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Wigandgården 8. etg, møterom Forskjønnelsen
<b>Dato:</b>	21.04.2016
<b>Tid:</b>	10:00

Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall), eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no)



Tom Knudsen  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 12/16	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 13/16	Referatsaker (meldingar)		
PS 14/16	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 05.04.2016	2016/1098	
PS 15/16	Justering av tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017	2016/3735	
PS 16/16	Fleksibel avvikling av fag-/sveineprøvar	2016/3037	
PS 17/16	Ymse		

PS 12/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 13/16 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2016/1098-3  
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	14/16	21.04.2016

**Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 05.04.2016**

**Forslag til avgjerd**

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 05.04.2016 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Utval:** Yrkesopplæringsnemnda  
**Møtestad:** Forskjønnelsen, Wigandgården, 8. et  
**Dato:** 05.04.2016  
**Tidspunkt:** 12:00-14:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Leiar	NHO
Roger Pilskog	Nestleiar	LO
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Lisa Nord Hopland	Medlem	Lærlingerepr.vara

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Rita Jordal	Medlem	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingerepr.

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Tor Andre Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF
Atle Wedaa	Rita Jordal	LO
Elisabeth Refvik	Atle Rasmussen	LO
Marie Sofie Størdal	Sølvi Olrich Sørebo	KS

**Merknader**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringssjef
Anne Sara Svendsen	Seniorrådgjevar
Svein-Erik Røskeland	Seniorrådgjevar
Trond- Harald Alvær	Spesialrådgjevar
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar Fagoppl.ktr. avd. Stord
Ann-Magritt Juvik	som sekretær

**Sakliste**

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 7/16	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 8/16	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 04.02.2016	2016/1098	
PS 9/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 2/16	Folkehelsa i Hordaland 2015 - ei kunnskapsoversikt	2015/976	
PS 10/16	Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv	2015/9256	
PS 11/16	Ymse		

## **PS 7/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016**

### **Vedtak**

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.

## **PS 8/16 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 04.02.2016**

### **Forslag til vedtak**

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 04.02.2016 vart tatt til orientering.

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016**

### **Vedtak**

Møteboka frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 04.02.2016 vart tatt til orientering med følgjande merknad :

Vara for Anne Gine Hestetun, Tor Andre Ljosland var ikkje kalla inn, kan kallast inn på kort varsel. Lærlingerepr. vara Lisa Nord Hopland var nemnd med anna etternamn.

## **PS 9/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016**

### **Vedtak**

Melding RS 1/16 vart teke til orientering.

## **RS 2/16 Folkehelse i Hordaland 2015 - ei kunnskapsoversikt**

## **PS 10/16 Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv**

### **Forslag til innstilling:**

Fylkesutvalet vedtek høyringssvar om endringar i opplæringslova i tråd med saksframstillinga her.

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016**

Roger Pilskog/Tom Knudsen sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:  
Yrkesopplæringsnemnda er uenig i at praksisbrevordning skal etableres som et søkbart tilbud.

Det vises til at videregående skole og mange lærefag har en rekke utfordringer. En betydelig andel av utfordringen skyldes at mange elever ikke er tilstrekkelig kvalifisert fra grunnskolen til videregående opplæring. Dette kan ikke løses med å opprette nye søkbare tilbud i videregående skole, som både kan stigmatisere ungdom, og undergrave den ordinære opplæringen.

I høringen beskrives målgruppen som "elever med svake skoleresultater fra ungdomsskolen som trolig vil ha problemer med videregående opplæring". Yrkesopplæringsnemnda er enig i at praksisbrevordning kan være en god mulighet for denne målgruppen.

Å tilrettelegge for slik opplæring vil kreve samhandling mellom ungdomsskoler og videregående skoler, og ikke minst det aktuelle arbeidslivet som skal bidra. Ungdom som ønsker eller motiveres til slik opplæring, vil ha dårlige karakterer, men kan likevel ha mange kvaliteter som egner seg for arbeidslivet.



Derfor må karriereveiledning på ungdomstrinnet gi særlig og tydelig informasjon om tilbudet, og inntaksmodellen må baseres på intervju, ikke poeng.

For praksisbrev kandidater må det presiseres status for den enkelte, med hensyn til å være elev eller praksisbrevkandidat, og hva innvirkning dette har for generelle elevrettigheter og vilkår under opplæring i bedrift.

Yrkesopplæringsnemnda må også involveres i hvilke fag det skal opprettes tilbud, og videre utvikling av læreplaner, samt andre spørsmål knyttet til innføring av et tilbud.

Yrkesopplæringsnemnda mener også at erfaringene med en slik ordning må evalueres innenfor en ramme av tre til fem år.

Forøvrig er nemnda enige i fylkesrådmannens vurdering.

### **Røysting**

Pilskog/Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke

### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Yrkesopplæringsnemnda støttar fylkesrådmannens innstilling med følgjande merknad:

Yrkesopplæringsnemnda er uenig i at praksisbrevordning skal etablerast som et søkbart tilbod.

Det vises til at videregående skole og mange lærefag har en rekke utfordringar. En betydelig andel av utfordringane skyldast at mange elever ikkje er tilstrekkelig kvalifisert frå grunnskolen til videregående opplæring. Dette kan ikkje løsast med å opprette nye søkbare tilbod i videregående skole, som både kan stigmatisere ungdom, og undergrave den ordinære opplæringa.

I høringen beskrives målgruppen som "elever med svake skolerestultater fra ungdomsskolen som trolig vil ha problemer med videregående opplæring". Yrkesopplæringsnemnda er enig i at praksisbrevordning kan være en god mulighet for denne målgruppen.

Å tilrettelegge for slik opplæring vil krevje samhandling mellom ungdomsskoler og videregående skoler, og ikkje minst det aktuelle arbeidslivet som skal bidra. Ungdom som ønskjer eller motiverast til slik opplæring, vil ha dårlige karakterar, men kan likevel ha mange kvaliteter som egner seg for arbeidslivet. Derfor må karriereveiledning på ungdomstrinnet gi særlig og tydelig informasjon om tilbodet, og inntaksmodellen må baserast på intervju, ikkje poeng.

For praksisbrev kandidatar må det presiserast status for den enkelte, med hensyn til å være elev eller praksisbrevkandidat, og hva innvirkning dette har for generelle elevrettigheter og vilkår under opplæring i bedrift.

Yrkesopplæringsnemnda må også involverast i kva fag det skal opprettast tilbod, og vidare utvikling av læreplaner, samt andre spørsmål knytta til innføring av et tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda mener også at erfaringane med en slik ordning må evaluerast innanfor en ramme av tre til fem år.

## **PS 11/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016**

#### **Vedtak**

Til mai møte i YON er det ønskje om å få ein presentasjon av Folkehelseoversikta 2015, då spissa mot yrkesopplæringa.

Torbjørn Mjelstad informerer om årets søkartal, ein ser det vil også i år bli store utfordringar innan m.a. elektro, industriteknologi og IKT. Brev frå Opplæringskontoret for elektrofag vart delt ut, opplæringskontoret ber her fylkeskommunen om å redusere tal på Vg2 klassar i elektrofag.

Fagopplæringskontoret sender i disse dager oversikt til den enkelte skole over deira elevar som har søkt læreplass, vi ber skolen om å svare på om kor eleven har vore utplassert, om det er avtala læreplass, samt om eleven har nokon utfordringar. Skolen får også her namn på elevar som ikkje har registrert seg som søkjar.

Trond-Harald Alvær har ein gjennomgang på kva midlar som er brukt på dei ulike ordningane innan fagopplæringa i 2015. Dei ulike støtteordningane som er vedtatt for 2016 vart også presentert.

YON vil i mai møte sjå på budsjett for 2017, kva område ønskjer YON å prioritere. Det er i denne forbindelse ønskelig at Stine Fjeldstad frå Aksjon lærebedrift kjem til møte og orienterer.

Tom Knudsen delte ut brev frå Byggmestrenes Servicekontor AS vedk. økning i sats for teoritrek. Dette vil ein komme tilbake til då det er ein prosess i gang på denne saken.

Oversikt over godkjente lærebedrifter for perioden 01.02.2016 til 01.04.2016 vart delt ut.



Arkivnr: 2016/3735-20  
Saksbehandlar: Nils Skavhellen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	15/16	21.04.2016
Utval for opplæring og helse		28.04.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Justering av tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017

### Samandrag

I denne saka blir det gjort framlegg om endringar i tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane. Årsaka til endringane er som hovudregel at det er for lågt søkjargrunnlag til å kunne oppretthalde tilboda. Det er økonomisk utfordrande å oppretthalde tilbod med svakt elevgrunnlag. Det vil også vere vanskeleg å vidareføre utdanningsprogrammet i Vg2/Vg3 når elevgrunnlaget frå kompetansegejevande kurs (Vg1 eller Vg2) er svært lågt. Dei aller fleste framlegga om nedlegging nedanfor er i samsvar med skulane sine tilbakemeldingar etter prognoseinntaket i mars 2016.

Fylkesrådmannen fekk i fylkesutvalssak 290/13 fullmakt til å justere klasse-/elevtal på grunnlag av søkjartalet til den einskilde skule i same region. Framlegg om nedlegging/oppretting av heile utdanningsprogram eller programområde skal alltid leggjast fram til politisk behandling.

I desember 2015 gjorde fylkestinget i sak 89/15 vedtak om tilbudsstruktur, klasse-/elevtal ved skulane i Bergensområdet for utdanningsprogramma *Studiespesialiseringe, Medium og kommunikasjon* og *Kunst, design og arkitektur*. I denne saka vart det gjort viktige prinsipielle vurderingar av tilbudsstrukturen på dei omtala utdanningsprogramma sett i eit totalperspektiv for Hordaland.

Eventuelle framlegg til endringar ved desse utdanningsprogramma ville blitt lagt fram i denne saka uavhengig av fylkesrådmannen si fullmakt til å gjere endringar i klassesetal slik fylkesutvalssak 290/13 gir høve til. Søkjartala totalt sett i Bergensområdet til dei utdanningsprogramma som vart omfatta av vedtaket, gir ikkje grunnlag for å gjere framlegg om slike endringar. Fylkesrådmannen minner også om at auke i klassesetalet ved ein skule ofte kan få negativ innverknad på elevgrunnlaget ved ein annan.

Fylkesrådmannen understrekar at det i denne saka blir tatt utgangspunkt i søkjartal, ikkje i meir prinsipielle spørsmål som t.d. tilgang på læreplassar eller kva skular som skal ha dei ulike utdanningsprogramma/programområda. Dette er spørsmål som blir tatt opp i samband med rullering av skulebruksplanen, og i samband med den ordinære klassesaka om tilbudsstruktur kvar haust. Samla sett er det gjort framlegg om nedlegging av om lag 150 elevplassar. Tal søkjarar til desse plassane er 35.

**Forslag til innstilling**

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy vidaregåande skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim vidaregåande skule:	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik vidaregåande skule:	Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:  
Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad vidaregåande skule blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15.september.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 08.04.2016**

I desember 2015 vart det vedtatt endringar i tilbodsstrukturen for skuleåret 2016/17 i to saker. I fylkestings sak 89/15 vart det vedtatt både tilbodsstruktur og klasse-/elevtal ved utdanningsprogramma Studiespesialiserande, Kunst, design og arkitektur og Medium og kommunikasjon ved skulane i Bergensområdet. I fylkesutvals sak 321/15 vart det i tillegg gjort mindre endringar i tilbodsstrukturen ved ein del skular i den såkalla klassesaka.

I denne saka gjer ein ikkje framlegg om endringar til det vedtaket som vart gjort av fylkestinget i sak 89/15. Grunnen til dette er at vedtaket vart gjort for kort tid sidan, og ikkje minst at det totalt sett ikkje er grunnlag for å gjere dette ut frå samla søkjartal. Ved Studiespesialiserande utdanningsprogram er det framleis ein del overkapasitet i Bergensområdet, og berre mindre endringar ved nokre skular kan føre til ei negativ elevtalsutvikling ved andre. Dette kan t.d. bety at skular som er oppførte med tre klassar, ikkje får elevgrunnlag til meir enn to, og at skular som etter vedtaket i desember skal ha to klassar, ikkje får elevgrunnlag til meir enn ein klasse. Fylkesrådmannen er sjølvstendig ikkje sikker på at det vert ein reduksjon i klassetal på einskilde skular fram mot skulestart og ynskjer ikkje å leggje opp til dette på noverande tidspunkt.

Ved utdanningsprogramma Medium og kommunikasjon og Kunst, design og handverk er søkjartalet totalt i rimeleg samsvar med vedteke klasse-/elevtal, men ein kan ikkje sjå bort frå at det også her vil bli justeringar fram til skulestart. Særleg ved Medium og kommunikasjon er det mange elevplassar ved dei private skulane.

For dei tre utdanningsprogramma som er nemnde ovanfor, er det også klårt at søkjartalet vil bli lågare enn det er i dag, fordi mange søker både private vidaregåande skular og fylkeskommunale skular. Røynsle frå tidlegare år viser såleis at det berre mellom 1. og 2. inntakssomgang i Bergensområdet blir borte eit tal inntekne elevar som svarar til elevtalet på Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram på Amalie Skram vidaregåande skole (ni klassar - 280 elevar - i 2015). Ved skulestart er det også i år venta ledige plassar ut frå vedtatt kapasitet på Studiespesialiserande utdanningsprogram ved mange av dei vidaregåande skulane i Bergensområdet.

Fylkesrådmannen ser at skular og samarbeidspartnarar gjer ein stor innsats med å få opp søkjartalet til einskilde utdanningsprogram. Dette skjer ofte når eit program har lite elevtal og er truga av nedlegging, eller der ein ynskjer å få eit høgare elevtal for å sikre rekrutteringa til Vg2-kurs. I utgangspunktet er dette positivt, men effekten av slike aksjonar er nesten alltid kortvarige. Døme på dette er m.a. når det i skulebruksplanen vart vedteke å leggje ned Idrettsfag ved Odda vidaregåande skule. Det var eit stort engasjement rundt denne nedlegginga, og tilbodet vart oppretta att frå hausten 2015. Det melde seg då nok søkjarar til ein heil klasse (ca. 30 elevar). Eit slikt engasjement varer som oftast berre det eine året, og slik også i Odda i år. Søkjartalet til Vg1 Idrettsfag er no tilbake til det som var vanleg før tilbodet vart vedtatt nedlagt, dvs. 15 søkjarar til 30 plassar.

Eit nytt innspel for å få opp søkjartalet ser ein i år ved Garnes vidaregåande skule, som opprettar eit programfag alt frå Vg1. Programfag vil elles berre vere aktuelt frå Vg2 i Studiespesialiserande utdanningsprogram. Det er klårt at dette kan vere freistande for søkjarane til Vg1, men det er også klårt at ein ikkje kan opprette fleire klassar på grunnlag av tilbod om eit bestemt programfag. Dette vil vere noko heilt nytt i Hordaland, og vil føre til at mange skular prøver å opprette det ein meiner er populære programfag, for på kort sikt å trekkje til seg fleire søkjarar. Det vil vere umogleg å planlegge ut frå eit slikt kriterium, og difor er det viktig at vedtatt klassestruktur ikkje blir endra på grunnlag av programfagtilbod ved skulane.

I denne saka kunne ein reint matematisk, i høve til søkjartal og talet på elevplassar, gjort framlegg om nedlegging av fleire utdanningsprogram. Fylkesrådmannen er sjølvstendig merksam på at ein ikkje utan vidare kan følgje matematikken når det gjeld tilbodsstrukturen ved skulane utanfor Bergensregionen. Dersom det blir lagt ned utdanningsprogram her, vil det i praksis føre til at ungdom i det aktuelle området ikkje får den utdanninga dei heilt ynskjer.

Fylkesrådmannen ser likevel at dersom ein opprettheld utdanningsprogram med lågt søkjartal vil det på grunn av fråfall og manglande kvalifikasjonar frå Vg1 ikkje vere grunnlag for å vidareføre utdanningsprogrammet til Vg2. I praksis - og det viser også røynsle over mange år - betyr dette at dei aktuelle elevane ikkje går vidare til Vg2 fordi dei må flytte på hybel eller får lang reiseveg, og difor avbryt utdanningsløpet i vidaregåande skule. Fylkesrådmannen ser det difor slik at når søkjartalet over fleire år er så lågt at det er vanskeleg å gje eit stabilt Vg2-tilbod, bør tilbodet bli vurdert nedlagt. Søklarane kan då over tid vite kva utdanningsprogram den aktuelle skulen har, og kan planleggje ut frå dette.

I Hordaland har ein over fleire år gitt tilbod om innføringsklassar for minoritetsspråkleg elevar. Fleire skular i Bergen har tilbodet, men også andre stader i fylket har det meir eller mindre stabilt vore søkjargrunnlag for slike tilbod.

I klassesaka i desember 2016 tok ein høgde for at det ville kome fleire minoritetsspråklege ungdommar til Hordaland enn det som faktisk har kome. Det vart difor oppretta innføringsklassar ved fleire skular i fylket. Det viser seg no at det pr. i dag ikkje er søkjargrunnlag til tilboda i Kvinnherad, Øystese og Voss. Dette kan likevel endre seg fram mot skulestart, og fylkesrådmannen rår difor til at tilboda ikkje blir lagt ned i denne saka, men at ein ser utviklinga framover. Det kan også vise seg at det blir trong for fleire innføringsklassar i Bergen eller andre stader i fylket der det ikkje finst slike tilbod i dag, mellom anna i Nordhordland.

Fylkesrådmannen tilrår at administrasjonen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar i samsvar med behovet fram til hausten 2016. På den måten kan ein vere i forkant av utviklinga og - i samarbeid med kommunane - få på plass tilbod på kort varsel. Samtidig kan det leggjast ned tilbod ved dei skulane der det viser seg at det ikkje er behov for slike klassar komande skuleår.

Fylkesrådmannen gjer likevel alt no framlegg om å opprette ein innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar ved Fusa vidaregåande skule. Fusa kommune har dokumentert at det er søklarar nok til å opprette ein innføringsklasse i kommunen. Det vil også truleg kome elevar frå Samnanger og Os.

I samband med at utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon frå hausten av går over frå å vere eit yrkesfagleg til eit studieførebuande utdanningsprogram, vart yrkesdelen i programmet skilt ut som eige Vg1-tilbod, kalla Vg1 Medieproduksjon. Dette tilbodet vart ikkje tilrådd oppretta i Hordaland i klassesaka i desember 2015 fordi ein ynskte å få meir informasjon om tilbodet. Vg1 og Vg2 Medieproduksjon kvalifiserer for å kunne søkje læreplass i Fotograffaget og Mediegrafikarfaget.

I desse faga er det nær sagt ingen tilgang på læreplassar, og Yrkesopplæringsnemnda har sterkt rådd frå at tilbodet blir oppretta i Hordaland. Tilbodet vart likevel gjort søkbart i vigo.no for å sjå interessa. Same framgangsmåte vart m.a. brukt i Rogaland. På grunnlag av at det (nesten) ikkje finst læreplassar, rår fylkesrådmannen frå å opprette tilbodet sjølv om det har meldt seg 21 søklarar med Ungdomsrett. Jfr. punkt 3 i framlegg til vedtak ovanfor.

Rektorane ved dei vidaregåande skulane vart orienterte om søkjartala til sine skular i møte den 14. mars 2016. Det vart gitt ein frist til 4. april med å kome med tilbakemelding om eventuell nedlegging av tilbod og/eller justering av elev-/klassetal. Under omtalen nedanfor for den einskilde skule vil det vere opplyst om dette er i samsvar med skulen si tilbakemelding.

Når eit utdanningsprogram/programområde blir lagt ned, får søklarane sjølv sagt melding om dette frå Inntakskontoret. Dei vil då få høve til å gå inn på vigo.no for å leggje inn alternativt ynskje og/eller endre søknaden sin. Søklarane blir ikkje automatisk overførde til andre skular med same utdanningstilbod, då dette for mange elevar er upraktisk og lite tenleg. Dersom søkjaren ikkje gjer endringar, blir alle dei andre ynskja som var registrerte pr. 1. mars flytta eit hakk opp på prioriteringslista, og deretter behandla på vanleg måte.

**Samandrag av dei viktigaste punkta i prognoseinntaket 2016:**

Totalt søkjartal frå Hordaland (alle søkjargrupper):	18 998
Auke i søkjartalet samanlikna med 2015:	313
Tal søkjarar med Ungdomsrett:	17 641
Auke i søkjartalet med Ungdomsrett frå 2015:	98

I samband med utviklinga av arbeidsmarknaden var det i år større spaning enn vanleg med omsyn til søkjarmønsteret til ungdommen. I Hordaland kan det sjå ut som om dette slår mindre ut enn i Rogaland sjølv om trenden er den same. M.a. er det i Hordaland, for andre året på rad, ein kraftig nedgang i søkjartalet til Vg1 Teknisk og industriell produksjon, mens det i Rogaland er rimeleg status quo. Begge fylka har auke i søkjartala til Helse- og oppvekstfag og Bygg- og anleggsteknikk.

Dei tre utdanningsprogramma med størst auke i søkjartalet er Helse- og oppvekstfag, Bygg og anleggsteknikk og Naturbruk. Auken for Naturbruk skuldast i stor grad svært god søknad til friluftsliv/villmarksliv på Nye Voss vidaregåande skule.

Dei tre utdanningsprogramma med størst nedgang i søkjartalet er Teknisk og industriell produksjon, Studiespesialiserande og Restaurant og matfag. Ut frå storleiken på utdanningsprogramma er det særleg nedgangen innanfor Restaurant- og matfag som er urovekkjande. Dette er eit lite utdanningsprogram der berre marginal nedgang ved nokre skular kan føre til reduksjon av klassetalet. Det positive er likevel at det ser ut for at ein ikkje treng gjere framlegg om nedlegging av heile utdanningsprogrammet ved nokon skular.

Elles ser ein at søkjartalet til Vg2-tilboda innanfor oljerelaterte fag går kraftig ned. Dette fører til reduksjon i talet på klassar både på Vg1 og Vg2 ved fleire skular. Ved Arna vidaregåande skule blir det tilrådd at heile utdanningsprogrammet blir lagt ned.

Eit godt døme på nedgangen kan vere søkjartalet til Vg2 Brønnteknikk ved Bergen maritime vidaregåande skule. I fjor var det nærare 200 primærsøklarar til dette tilbodet, i år er det 24. Til Vg2 Industriteknologi har søkjargrunnlaget også gått kraftig ned, mens søkjartalet til Vg2 Kjøretøy har gått opp etter fleire år med svakt søkjargrunnlag.

Ser ein alle utdanningsprogramma under eitt og det høge talet på elevplassar ein har innanfor vidaregåande opplæring i Hordaland, er søkjargrunnlaget til dei ulike utdanningsprogramma likevel rimeleg stabilt.

**Grunngjeving for endring ved den einskilde skule** (berre skular der ein gjer framlegg om nedlegging av utdanningsprogram/programområde blir kommenterte).

**Kvinnherad vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Sal, service og tryggleik

Dette programområdet har fått 2 primærsøklarar med Ungdomsrett til 12 plassar. Dette er eit godt døme på at ein opprettheld Vg1-tilbod med lågt søkjartal over fleire år, men der det ikkje er søkjargrunnlag til Vg2. Dette skuldast særleg at elevar sluttar i skuleåret, og at ein del elevar ikkje har god nok kompetanse til å få plass på høgare kursnivå.

Skulen er samd i tilrådinga om nedlegging.

**Odda vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Kjøretøy

Dette programområdet har fått 3 primærskolar med Ungdomsrett til 12 plassar. Søkjargrunnlaget til dette tilbodet har vore lågt i fleire år og vart lagt ned i 2014, men oppretta att i 2015. I skulebruksplanen frå 2013 er det vedtatt at Vg2 Kjøretøy for Voss/Hardanger skal lokaliserast til Nye Voss vidaregåande skule. Fylkesrådmannen finn det difor rett å gjere framlegg om nedlegging av Vg2 Kjøretøy ved Odde vidaregåande skule no som den nye skulen på Voss står ferdig, og har fått eit rimeleg godt søkjargrunnlag til dette programområdet.

Skulen ynskjer å oppretthalde tilbodet fordi dei ynskjer å sjå søkjartala til Vg2 Industriteknologi (7 primærskolar) og Vg2 Kjøretøy (3 primærskolar i samanheng). Dei skriv m.a. at dei samarbeider med næringslivet i regionen slik at ein del av opplæringa blir gjort ute i bedriftene, og at det er eit godt integreringstilbod for elevar som treng tilrettelagt opplæring. Det blir også gjort ei kopling mellom dei to programområda i programfaga.

### **Norheimsund vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg1 Bygg- og anleggsteknikk og Vg2 Kjøretøy

Vg1 Bygg og anleggsteknikk har fått 4 primærskolar med Ungdomsrett til 15 plassar. Fylkesrådmannen meiner at dette er for lågt til at tilbodet kan oppretthaldast for komande skuleår. Som nemnt elles i denne saka kan det vere problematisk for elevar som tek til på eit utdanningsprogram at dei ikkje får fullføre utdanninga si i skule fordi det ikkje er søkjargrunnlag til Vg2. Dette fører ofte til at desse elevane avbryt utdanninga si. Alternativet er å bu på hybel i ein annan del av fylket. Det er uansett ein reell fare for at desse elevane avbryt utdanninga si for kortare eller lengre tid. Ved nedlegging av dette utdanningsprogrammet vil ein også få tilført fleire elevar til Vg1 Teknikk og industriell produksjon. Dette vil vere positivt for å kunne oppretthalde eit rimeleg greitt elevtal til to klassar.

Vg2 Kjøretøy har fått 1 primærskole med Ungdomsrett til 14 plassar. Tilbodet har hatt lågt søkjartal i fleire år. I skulebruksplanen frå 2013 er det vedtatt at Vg2 Kjøretøy for Voss/Hardanger skal lokaliserast til Nye Voss vidaregåande skule. Fylkesrådmannen finn det difor rett å gjere framlegg om nedlegging av Vg2 Kjøretøy ved Norheimsund vidaregåande skule no som den nye skulen på Voss står ferdig, og har fått eit rimeleg godt søkjartal til dette programområdet.

*Skulen ynskjer å oppretthalde begge tilboda ovanfor og grunngir mellom anna slik:*

Skulen kan i delar av opplæringa slå saman klassane innanfor Vg1 og Vg2 innanfor læreplanmål, og at det er tungt å arbeide opp att eit tilbod som er blitt lagt ned. Skulen skriv at det er stort lokalt behov for lære plassar innanfor bygg- og anleggsbransjen og bilmekanikarbransjen.

### **Voss vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg1 Service og samferdsel

Det har meldt seg 2 primærskolar til 15 plassar ved dette utdanningsprogrammet. Skulen er samd i tilrådinga om nedlegging.

### **Fusa vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Dette programområdet har fått 1 primærskole til 12 plassar. Skulen støttar framlegget om nedlegging.

Oppretting: Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar.

Kommunen har dokumentert at det er søkjarar til ein innføringsklasse. I tillegg til søkjarar frå Fusa (åtte), er det grunn til å tru at det også vil kome søkjarar frå Samnanger og Os.



**Arna vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg1 Teknikk og industriell produksjon

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi

Dette framlegget er gjort i samband med at det er svært svekka søkjargrunnlag til utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon, både til Vg1 og Vg2. Det blir difor gjort ein del reduksjonar i klassetalet ved fleire skular i Hordaland, men det er berre ved Arna vidaregåande skule at ein gjer framlegg om å leggje ned heile utdanningsprogrammet.

Hovudårsaka til dette er at ein ser området Arna/Osterøy og Åsane samla. Til Vg1 Teknikk og industriell produksjon er det slik søknad til dei aktuelle skulane:

- Arna vidaregåande skule: 7 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar
- Osterøy vidaregåande skule 13 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar
- Åsane vidaregåande skule: 12 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 30 plassar

Dette betyr at det er 32 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 60 plassar.

I tillegg til dette har alle tre skulane programområdet Vg2 Industriteknologi. Her er søkjartala til dei tre skulane slik:

- Arna vidaregåande skule: 6 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar
- Osterøy vidaregåande skule: 5 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar
- Åsane vidaregåande skule: 4 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar

Dette betyr at det er 15 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 45 plassar.

Fylkesrådmannen ser det slik at det er betre å leggje ned heile utdanningsprogrammet ved ein skule enn å ta ein klasse her og ein klasse der. Dette vil totalt sett gjere elevgrunnlaget og fagmiljøa (litt) større ved dei skulane som får halde fram med utdanningsprogrammet.

Reint matematisk kunne ein også ha tilrådd nedlegging av tilboda ved Osterøy vidaregåande skule eller Åsane vidaregåande skule. Når dette ikkje er gjort, grunnir fylkesrådmannen slik:

- Osterøy vidaregåande skule har eit vesentleg betre søkjargrunnlag til Vg1 enn dei andre skulane. Dei har fått svært god kompetanse innanfor CMC-opplæring, og har også Vg3 i skule innanfor dette programområdet for dei som ikkje har fått læreplass. Eit slikt tilbod vil rimeleg sikkert også måtte opprettast hausten 2016.
- Åsane vidaregåande skule skal få nybygg frå 2020 der Teknikk og industriell produksjon er eit sentralt og stort utdanningsprogram. Skulen held til i leigde lokale, og det er ingen innsparingar å hente sjølv om lokala står tomme.

**Askøy vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Overflateteknikk.

Det har meldt seg 3 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar ved dette programområdet. Dette tilbodet vart oppretta hausten 2015 fordi ein fekk informasjon om at det var stort behov for fagfolk innanfor faget. Hordaland har tidlegare hatt dette programområdet, men det vart lagt ned grunna lågt søkjartal og lite eigna lokale.

Dersom tilbodet skulle setjast i gong frå hausten, ville det medført ein del investeringar/ombyggingar. Ut frå det låge søkjartalet er det ikkje grunnlag for å oppretthalde tilbodet for skuleåret 2016/2017. Skulen er samd i tilrådinga om nedlegging.

**Sotra vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg3 Formgjevingsfag

Det har meldt seg 3 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar til dette programområdet. Skulen er samd i tilrådinga om nedlegging.

**Austrheim vidaregåande skule**

Nedlegging: Vg2 Automatisering

Det har meldt seg 2 primærsøkjarar med Ungdomsrett til 12 plassar ved dette programområdet. Skulen er samd i tilrådinga om nedlegging.

Vg1 Teknikk og industriell produksjon, TAF-modellen.

Det har meldt seg 1 søkjar med Ungdomsrett til dette utdanningsprogrammet (tal plassar er ulikt frå år til år grunna tilgang på læreplassar og kvalifiserte søkjarar).

